



Error! Not  
a valid  
filename.

## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 07.04.2022  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 - 21:05

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Monika Thorpe	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medi.	Parti
Ann Kristin Leirvåg	AP
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP
Hardy Pedersen	AP
Lise Renate Helle	SP
Morten Sognnes	H
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Idar Johan Hopland	AP	Varamedlem
Anette Kaland	AP	Varamedlem
Kristian Semmingsen Lerøy	AP	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem
Stein Kåre Løvslett	KRF	Varamedlem
Pål Andreas Håland Dyrkolbotn	SP	Varamedlem

**Desse møtte frå administrasjonen:** Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås, Trine Merete Jansen

Austrheim 11. april 2022

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
016/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
017/22	Godkjenning av møteprotokoll
018/22	Meldingar
019/22	Orienteringssak
020/22	Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 - Godkjenning
021/22	Revidering av reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune
022/22	Auka investeringsramme VA
023/22	Sal av eigedommar frå Austrheim kommune til Austrheim kommunale eigedomsselskap AS (AKE)
024/22	Avtale om vass- og reservevassforsyning til Austrheim
025/22	Framtida til kyrkjelydshuset
026/22	Oppmoding om busetjing av flyktningar 2022
027/22	Justering av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt

## **016/22: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) ba om at det vart korta inn på saksframlegga, for å gjera innkallingane mindre omfattande.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la til at det bør prioriterast klart språk slik at alle forstår kva som er innhaldet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han lagt på veg var samd. Dyrkolbotn sa vidare at om det skal vera tid til å gjera ei skikkeleg handsaming i kommunestyret, med ein god diskusjon, så kan det også vera eit moment at ein startar kommunestyra tidlegare, til dømes klokka 15.00.

Inger Lise Brekke (H) la til at det kan vera avskrekkande for rekrutteringa til politikken med så mykje papir, og sett på spissen kan det vera eit trugsmål mot demokratiet.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er rett å ha på saklista sal av kommunale eigedommar, når det selskapet som kjøper ikkje er heilt på plass. Her svara ordførar Per Lerøy at arbeidet med å finna eit nytt syre i Austrheim kommunale eigedomsselskap, er i ein god prosess.

Hege Ramsland (H) sa om reglementa som skal til vedtak at det i framtida bør markerast kva som er endringar, slik at det er lettare å sjå dette.

Per Lerøy (Ap) oppsummerte med at innkallinga er godkjent, men at ein oppfordrar administrasjonen til å fatta seg i kortheit.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 016/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **017/22: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 017/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

**018/22: Meldingar**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 018/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Meldingane vart tekne til orientering

---

**019/22: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Orienteringane vert teke til vitande.

**07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, lærar ved Årås skule, fortalte om arbeidet som er gjort av elevane for innsamling av midlar til Ukraina, der det i alt kom inn nærmere 60.000 kroner alt i alt.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om arbeidet med å klargjera tilfluktsrommet på Kaland skule. Noko er gjort, medan noko står att før tilfluktsrommet er etter den standarden det skal ha.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om arbeidet med ny vassforsyning frå Utkilen til Mastrevik/Idrettshallen, dette skal vera klart til påske. Neste prosjekt er kloakkpumpestasjon Åråsvågen, der er det 7-9 veker å venta på sjølve anlegget som skal lagast. Jobbar vidare med kloakk frå Solen/Leikvoll, og så er det prosjektering av kloakkanlegg i Breidvik.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet ved legekontoret, der det under meldingar til kommunestyret låg ved ein rapport med pålegg frå Arbeidstilsynet, og ein rapport frå PWC om organisering av legekontoret. Skal jobba vidare med kompetanseheving innan arbeidsmiljø, og opplæring i rutinar. Må ha på plass ei rutine for omstilling og nedbemanning, for den som foreligg i dag har for stort fokus på nedbemanning. Har frist til 9. mai til å svara Arbeidstilsynet på dei punkta der det er gitt pålegg.

For dei punkta som er påpeika av PWC om organiseringa av legekontoret, så legg kommunedirektøren opp til å få på plass ein ny leiingsstruktur. Det kjem ein eigen avdelingsleiar for helseavdelinga, som skal vera avdelingsleiar for legekontoret, helsestasjonen og psykisk helse, grønt arbeid og fysio-ergoterapitenesta.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeid med Ungjobb og Grønt Arbeid. Legg opp til å styrka Grønt Arbeid gjennom budsjettjusteringa i mai.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om avvikssystemet, der det er meldt inn 100 avvik sidan systemet kom i gang. Dei fleste er lukka, nokre er under arbeid.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om fornying av ulike reglement: Tilsetjingsreglement, Arbeidsreglement og Permisjonsreglement. For sistnemnde er det delegert meir mynde ut til leiarane i organisasjonen, slik at dei tek fleire avgjelder tettare på.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om Flytt til Austrheim, herunder bruk av konsulentstøtte frå Karabin, dette vil ein ta vidare på todagarssamlinga som er planlagt i Kilstraumen 11. og 12. mai.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om den nye profilen som er utarbeidd for kommunen, med ei fornying av det som låg der frå 2009. Nye skriftypar, malar, logo for nedlasting med meir.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om nøkkeltal frå Kostra, med tanke å korleis tala er i Austrheim opp mot kommunar det er naturleg å samanlikna seg med.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han i utgangspunktet ikkje er så begeistra for Kostra-tal, men kan vera samd i at det er det beste ein har. Dyrkolbotn hadde tre spørsmål:

1. Meirforbruk barnehage, er det låge barnetal og høge lønsutgifter?
2. Kommunehelse som er over med 6 millionar, er det berre utgifter men også tapte inntekter?
3. Fellesadministrasjon som er over 7,5 samanlikna med andre, kva er dette?

Odd Harald Dommersnes viste til at det i nokre tala er blanda kostnader til drift og investering. At det er høgt på barnehage skuldast mellom anna ventilasjonsanlegg i Kystbarnehagen, og at det er politisk vedtak på at det skal styrkast med fagarbeidarar når dei pedagogisk tilsette har plantid.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at tala vil bli gjennomgått meir detaljert under budsjettkonferansen i mai.

Reidar Ulvøy spurte om ventilasjonsanlegget i Kystbarnehagen, som det vart løyvd ekstra midlar til. Einingsleiar teknisk drift Rolf-Henning Myrmel svara at anlegget no er fiksa og justert slik at ein får ut så mykje som ein kan få ut av denne typen anlegg.

Ordførar Per Lerøy orienterte om planarbeidet som er igangsett for næringsområdet i Øksnesmarka (kart ligg ved møteboka). Odd Haugen er i gang med reguleringsarbeid i samarbeid med Norconsult. Det har vore ein dialog med grunneigarane om vegtrasé. Kommunen si rolle i saka er å førebu ei sak til formannskapet, skal handsama planprogrammet og deretter legga det ut på høyring i seks veker. Reidar Øksnes (Sp) spurte om kommunen har sjekka andre interessentar for den kommunale delen av arealet. Her svara Per Lerøy at kommunen ikkje har initiativet her, men at ein skal hjelpe til slik at det som skal gjerast vert gjort riktig. Reguleringsprosessen er mykje lik som andre stader, forskjellen er at

her er kommunen både høyringsinstans og grunneigar.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om korleis Statsforvaltar vil stilla seg med tanke på biologisk mangfald. Her svara Per Lerøy at det er eit ganske omfattande planprogram det er tale om, og at det er statsforvaltar, fylket og kommunen som vurderer om dette er godt nok.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) tok opp uro frå foreldre med tanke på det som skjer på Mastrevik Torg, med ungdommar som samlar seg og gjer ugagn. Har oppfatta at det er gitt midlar spesielt for arbeid retta mot ungdom på mellomtrinnet. Er det mogleg å komma i gang med ein aktivitet like etter påske, foreldre står klare med lokale i kyrkjelydshuset og hallen, og samarbeid med barne- og ungdomsarbeidarlinja på AVS. Kan kommunalsjefen lova at det er fortgang i arbeidet, og gjerne nyttar midlar som er gitt frå Gjensidigestiftinga. Hastar å komma i gang, kan ikkje venta til hausten, når ny ungdomskoordinator er på plass.

Trine Merete Jansen, kommunalsjef oppvekst og kultur, svara at det vert juniorklubb eit par gonger i månaden, med oppstart i april. Ny ungdomskoordinator er elles tilsett frå 1. juli, i mellomtida jobbar ein med å halda i gang dei oppgåvane som ungdomskoordinatoren har hatt.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

#### **KS - 019/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

#### **020/22: Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 -**

#### **Godkjenning**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.**

I tillegg gjer kommunestyret vedtak om at dei trafikktryggingstiltaka som Austrheim kommune har fått tilskot til frå Vestland fylkeskommune i 2021 og 2022, skal gjennomførast i god tid før utgangen av 2022. Når tiltaka er gjennomførde, skal dette rapporterast inn til trafikktryggingsutvalet i fylkeskommunen.

#### **24.03.2022 FORMANNSKAPET**

Avdelingsleiar plan Asbjørn Toft orienterte om saka, og sa at dette er ein plan som Austrheim kan leva med ei tid framover.

Morten Sognnes (H) spurte om gangfelt frå Mongstadkrysset til Kilstaumen, og viste det har vore fleire stygge ulukker samt dødsulukker på dette strekket. Fekk svar om at det står på lista, frå Kilstaumen til Fonnes.

Per Lerøy (Ap) sa at det er sett opp ei liste over større, og ei over mindre tiltak, og at ein brukar desse aktivt for å visa at det er prioriterte tiltak i Austrheim, som ein så søker om tilskot til.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) viste til at Årås skule har jobba med trafikksikring sidan 2016.

Handsaming i formannskapet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

**FS - 036/22 - 24.03.2022 - Vedtak:**

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

**07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til tillegg til vedtak i sak 020/22:

foreslått av: Per Lerøy

I tillegg gjer kommunestyret vedtak om at dei trafikktryggingstiltaka som Austrheim kommune har fått tilskot til frå Vestland fylkeskommune i 2021 og 2022, skal gjennomførast i god tid før utgangen av 2022. Når tiltaka er gjennomførde, skal dette rapporterast inn til trafikktryggingsutvalet i fylkeskommunen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om den nye kommunedelplanen for trafikksikring.

- Lerøy viste til at ein god plan gjer det lettare å få midlar til tiltak.
- Er også positivt for kommunen å ha status som trafiksikker kommune.
- Det er stor trafikk gjennom kommunen i samband med arbeidspendling morgen og ettermiddag.
- Planen har to prioriteringslister, ei for små tiltak under fem millionar kroner, og ei for større tiltak over dette. Viktig å kunne visa til prioriteringsliste når ein skal söka om midlar.

Rikke Heldal Hope (H) sa at det er bra at kommunen har bedt om lågare fartsgrense, dette er aktuelt på fleire strekk der det går mykje skulebarn langs vegen. Hope ba om at det vart argumentert med tryggleiken for skuleborn, når ein ber om lågare fartsgrenser det det er skulevegar. Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at dette er eit argument som må med. Ein kan også venta auka trafikk når ny fylkesveg over Radøy er klar. Lerøy viste elles til at Statens vegvesen vil ha færrast mogleg endringar i fartsgrensene over eit strekk. Bilistane heldt fartsgrensene betre, når det ikkje er så mange endringar tett. Monika Thorpe (Ap) sa at det er peika på rydding av sikt ved kryss. Her svara ordførar Per Lerøy at kommunen tek noko sjølv. Tidlegare tok ein halve kommunen kvart år, men ser at det gror så raskt opp at det er best å ta dette kvart år.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein den overordna linja ein jobbar for er gang- og sykkelveg gjennom kommunen. Dyrkolbotn spurte om kva ein har fått midlar til, her svara Lerøy at det er gitt midlar til ein snarveg frå Åråsfeltet ned til vegen i båthamna, der kommunen også vil prøva å ta gangvegen frå fylkesveg 565 forbi kunsthuset og opp til vegen inn i Åråsfeltet.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å gjennomføra prosjekt, og la fram eit framlegg til tilleggsvedtak. Når ein søker om nye midlar, er det viktig å ha truverd på gjennomføring.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa seg samd i at det er viktig å gjennomføra prosjekta.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om tiltaka som er gjennomført langs Finnsvågen/Blomhaugane med høge støypekantar, dette gjer vegen farlegare enn tidlegare.

Anette Kaland (Ap) spurte om Vardebrua, Per Lerøy (Ap) svara at denne skal monterast i august og opnast i september. Helge Dyrkolbotn (KrF) gav honnør for arbeidet med Vardebrua.

Per Lerøy (Ap) sa om fotgjengarfelt, får ikkje gjennomført dette som trafikksikringstiltak på veg med fartsgrense 50 km/t eller meir, skal vera 40 km/t eller oppheva gangfelt.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Tillegget frå ordførar Per Lerøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

**KS - 020/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Kommunedelplan for trafikksikring for Austrheim kommune 2022-2030 vert godkjent med dei endringane som går fram av saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 11-15.

I tillegg gjer kommunestyret vedtak om at dei trafikktryggingstiltaka som Austrheim kommune har fått tilskot til frå Vestland fylkeskommune i 2021 og 2022, skal gjennomførast i god tid før utgangen av 2022. Når tiltaka er gjennomførde, skal dette rapporterast inn til trafikktryggingsutvalet i fylkeskommunen.

---

**021/22: Revidering av reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune» slik det ligg føre.

Kommunestyret ber kommunedirektøren koma attende med eiga sak om politisk styringsmodell i løpet av hausten.

**24.02.2022 FORMANNSKAPET**

Fungerande kommunedirektør i dette møtet, Thomas Lindås, orienterte om saka. Dette er ei oppdatering i samband med nytt lovverk, kommande streaming av politiske møte, med meir. Til hausten vil ein starta arbeidet med å vurdera ny politisk organisering/utvalsmodellen.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektørens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 023/22 - 24.02.2022 - Vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune» slik det ligg føre.

Kommunestyret ber kommunedirektøren koma attende med eiga sak om politisk styringsmodell i løpet av hausten.

**07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka.

- Til hausten 2022 kjem det ei sak om den politiske styringsstrukturen. Endringar må eventuelt vera vedtekne året før valet, og det neste kommunestyrevalet er i 2023.
- Desse reglementa er no samla i eit felles reglement, med unntak av reglementet for godtgjering, som ligg som eit eige.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er positivt med eit samla reglement. Det er bra med å få orden på møtelengda. Elles står det i dagens reglement at det skal vera to årlege spørjetimar, det kan vera bra å ha i kalenderen for å strukturera og samla opp spørsmål.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 021/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune» slik det ligg føre.

Kommunestyret ber kommunedirektøren koma attende med eiga sak om politisk styringsmodell i løpet av hausten.

---

**022/22: Auka investeringsramme VA**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre gjev prinsippvedtak om å auka ramma for investering på VA for 2022 til kr. 19,1 mill og ber kommunedirektøren gjere justeringa ved tertialjustering våren 2022.

I tillegg til det arbeidet som er planlagt innan VA-området i 2022, skal anlegg for vidareføring av kommunalt vatn frå Solend til Førland prosjekterast i 2022, og anlegget skal byggjast i 2023.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om vidareføring av kommunalt vatn frå Solend til Førland, og seinare vidareføring som ein ringleidning til Austrheim.

**24.03.2022 FORMANNSKAPET**

Einingsleiar teknisk drift, Rolf-Henning Myrmel, orienterte om saka.

- Nye vassrør Utkilen - Mastrevik til Austrheimhallen skal pluggkjørast fredag 25. mars og reinsast med klor, men 12.30 er dette ferdig og sett trykk på. Bra å ha ferdig til påske, når ein veit at forbruket går opp i helgedagar.
- Jobbar med anbod på pumpestasjonar kloakk fleire stader.
- Treng å utvida ramma som det lagt opp til, for å kunna bygga ut slik det er lagt opp til.
- Får ein signal om utvida ramme, skriv ein kontrakt alt 25/3

Handsaming i formannskapet:

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, som er ei tilråding til kommunestyret.

**FS - 030/22 - 24.03.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjer prinsippvedtak om å auka ramma for investering på VA for 2022 til kr. 19,1 mill og ber kommunedirektøren gjere justeringa ved tertialjustering våren 2022.

## **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Tillegg om vatn til Førland foreslått av: Per Lerøy

I tillegg til det arbeidet som er planlagt innan VA-området i 2022, skal anlegg for vidareføring av kommunalt vatn fra Solend til Førland prosjekterast i 2022, og anlegget skal byggjast i 2023.

Redigert tillegg om vatn til Førland foreslått av: Per Lerøy

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om vidareføring av kommunalt vatn fra Solend til Førland, og seinare vidareføring som ein ringleidning til Austrheim.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) la fram nytt framlegg til vedtak, med slik ordlyd: «I tillegg til det arbeidet som er planlagt innan VA-området i 2022, skal anlegg for vidareføring av kommunalt vatn fra Solend til Førland prosjekterast i 2022, og anlegget skal byggjast i 2023.». Lerøy sa at dette er noko kommunestyret har diskutert og vist til før, men det er ikkje lagt inn i planane. Er sagt at etter ny vassleidning kom frå Vardetangen til vasstårnet, var det Solend/Førland som stor for tur. Helge Dyrikolbotn (KrF) spurte om administrasjonen i det heile har tid til dette arbeidet med prosjektering i 2022.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug ba om å få komma tilbake til dette seinare.

Anne Dahle Austrheim sa at dette handlar om store investeringar, ikkje rett å ta det inn i ei anna sak om auka investeringsramme til VA.

Aslak Andre Bakke (H) spurte om vassframføring til Austrheim, her svara Rolf Henning Myrmel at vassleidning til Førland må dimensjonerast slik at det kan bli ein ringvassleidning mot Austrheim. Om det skulle komma brot på eksisterande leidning frå høgdebassenget til Austrheim vil det ta vatnet frå heile ytre delen av Austrheim.

Myrmel sa at ein no må ta opp igjen hovudplanen for VA, og få denne oppdatert til eit godt verktøy for den vidare utbygginga.

Per Lerøy omformulerete vedtaket til tillegg, til denne ordlyden: «Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om vidareføring av kommunalt vatn fra Solend til Førland, og seinare vidareføring som ein ringleidning til Austrheim».

Reidar Øksnes (Sp) og Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte begge om kor mykje løyvinga til VA er auka. Det står i vedtaket å auka til 19 millionar, men står ikkje kor mykje auken er. Her svara økonomisjef Odd Harald Dommersnes at det er 15 millionar meir enn det langtidsbudsjettet som var lagt.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Det redigerte tillegget frå ordførar Per Lerøy (Ap) vart samrøystes vedteke.

### **KS - 022/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjev prinsippvedtak om å auka ramma for investering på VA for 2022 til kr. 19,1 mill og ber kommunedirektøren gjere justeringa ved tertialjustering våren 2022.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren kjem tilbake med ei sak om vidareføring av kommunalt vatn fra Solend til Førland, og seinare vidareføring som ein ringleidning til Austrheim.

---

**023/22: Sal av eigedommar frå Austrheim kommune til Austrheim kommunale eigedomsselskap AS (AKE)**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eigedomsselskapet opp eit lån på kroner 51,6 millionar kroner. Austrheim kommune stiller som garantist for dette låneopptaket. Dato for å overdraging av eigedomane vert sett til 01.05.2022
2. Austrheim kommune skyt inn 8 millionar kroner i Austrheim kommunale eigedomsselskap for å styrkja eigenkapitalen i selskapet, i tillegg vert delar av desse midlane nytta til å skifte ut kloakken i Vestlia.
3. Av salsbeløpet frå sal av eigedomane blir det sett av med 25 millionar til bunde fond for utbygging/opprusting av skulane. Dei resterande midlane blir nytta til ei ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.
4. Det vert etablert eit avtaleverk som regulerer samhandlinga mellom Austrheim kommune og Austrheim kommunale eigedomsselskap.

**24.03.2022 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes gjorde greie for saka, med ein gjennomgang av saksutgreininga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er lagt opp til eit fysisk møte med kandidatar til styret i Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE), og deretter skal det vera ekstraordinær generalforsamling tidleg i april for å velja nytt styre.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

**FS - 037/22 - 24.03.2022 - Vedtak:**

1. Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eigedomsselskapet opp eit lån på kroner 51,6 millionar kroner. Austrheim kommune stiller som garantist for dette låneopptaket. Dato for å overdraging av eigedomane vert sett til 01.05.2022
2. Austrheim kommune skyt inn 8 millionar kroner i Austrheim kommunale eigedomsselskap for å styrkja eigenkapitalen i selskapet, i tillegg vert delar av desse midlane nytta til å skifte ut kloakken i Vestlia.
3. Av salsbeløpet frå sal av eigedomane blir det sett av med 25 millionar til bunde fond for

utbygging/opprusting av skulane. Dei resterande midlane blir nytta til ei ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.

4. Det vert etablert eit avtaleverk som regulerer samhandlinga mellom Austrheim kommune og Austrheim kommunale eigedomsselskap.

## **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, og gjekk gjennom framlegget til vedtak. Inntektene frå salet skal nyttast mellom anna til investeringar i skule og kloakkanelegg Vestlia. Kommunen har i dag ein gjeldsgrad på 93 prosent, medan måltalet i økonomireglementet er 85 prosent. Finansiering ved sal av eigedommar skal få ned låneopptaket.

Helge Dyrkolbotn (KrF) orienterte på vegner av valnemnda om arbeidet med å få på plass eit nytt styre i det nye Austrheim Kommunale Eigedomsselskap. Har vore i møte med kandidatar for dette styret. No er det viktig å få gjort eit prinsippvedtak om dette salet, så kan ein i neste omgang få eit ja eller nei frå desse kandidatane. Uansett er det slik at ein har eit styre for selskapet i dag, slik at dette vedtaket vert ikkje gjort i lause lufta.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dei som er tenkt ei rolle i styret er positive til dette salet frå kommunen og til eigedomsselskapet.

Reidar Øksnes (Sp) sa at valnemnda no har gitt si innstilling, og sa seg spørjande til om valnemnda bør vera med vidare i dette arbeidet. Øksnes sa vidare at ein bør seja noko i vedtaket om selskapet ikkje er heilt på plass enno, slik at det framgår kvar ein er i prosessen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er dette mandatet valnemnda har fått, og det bør valnemnda fullföra fram til å spørja desse kandidatane endeleg.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at dersom ein stoppar dette salet så kan ein ikkje starta skuleutbygginga, for det ligg i budsjettet at det skal seljast eigedommar for å finansiera det prosjektet. Her svara Øksnes (Sp) at dersom dette har lagt som ein føresetnad heile vegen så burde kommunestyret ha fått vita om det tidlegare.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara Øksnes og sa det har lagt i budsjettsaka at dette salet er grunnlaget for å finansiera skuleutbygginga, det ikkje noko som var skjult der. Eller er skuleprosjektet ute på anbod no, spente på kva prisar som kjem inn der etter påske.

Økonomi- og personalsjef Dommersnes sa at ein treng vedtak her for å komma vidare, der ein i neste omgang skal ut i lånemarknaden for å sjå om ein kan henta inn 51 millionar i lån til dette kjøpet.

Aslak André Bakke (H) sa at valnemnda har jobba med å få på plass på desse kandidatane, og har fått gode namn. Dette er rett måte å gjera dette for å driva selskapet, med mellom anna med tanke på vedlikehald av bygningane.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han generelt er positiv til salet, men spurte om det er endringar for dei som jobbar i Vestlia. Her svara kommunedirektøren at det ikkje vil bety noko for dei som jobbar i Vestlia kven som eig bygget.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 023/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

1. Austrheim kommunale eigedomsselskap (AKE) overtek dei kommunale bustadane til marknadstakst. For å finansiere dette oppkjøpet tek eigedomsselskapet opp eit lån på kroner 51,6 millionar kroner. Austrheim kommune stiller som garantist for dette låneopptaket. Dato for å overdraging av eigedomane vert sett til 01.05.2022
  2. Austrheim kommune skyt inn 8 millionar kroner i Austrheim kommunale eigedomsselskap for å styrkja eigenkapitalen i selskapet, i tillegg vert delar av desse midlane nytta til å skifte ut kloakken i Vestlia.
  3. Av salsbeløpet frå sal av eigedomane blir det sett av med 25 millionar til bunde fond for utbygging/opprusting av skulane. Dei resterande midlane blir nytta til ei ekstraordinær betaling av lån tilhøyrande Austrheim kommune.
  4. Det vert etablert eit avtaleverk som regulerer samhandlinga mellom Austrheim kommune og Austrheim kommunale eigedomsselskap.
- 

**024/22: Avtale om vass- og reservevassforsyning til Austrheim**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til avtale om vass- og reservevassforsyning mellom Alver og Austrheim kommune datert 01.04.2022 med følgjande endring:

Punkt 7 i avtalen vert i heilskap endra til:

*«Partene kan ensidig kreve reforhandling av avtalen tidligst 20 år etter ikrafttredelsestidspunktet.*

*Avtalen kan ikke sies opp ensidig av partene.»*

Grunngjeving følgjer av saksutgreiinga.

**07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunalsjef service og forvalting, Thomas Lindås, orienterte om saka saman med einingsleiar teknisk drift Rolf-Henning Myrmel.

Lindås sa at det er viktig å få på plass ein avtale no, med tanke på pålegg frå Mattilsynet for reservevassforsyning. Prisen er rekna ut til å vera sjølvkost for Alver, det vert dyrare for abonnentane, men det gamle avtalen var særstundt gunstig.

Einingsleiar teknisk drift Rolf-Henning Myrmel viste til tilsyn frå Mattilsynet dei siste åra, der det har

vore to ting ein har peika på. Det eine er forsyningssikkerheit, dette er no på plass med dei sjøleidningane som er klare. Det andre er reservevassforsyning. Har sett på reservevassforsyning frå Monslaupvatnet, men ser at det er for lite vatn der til lange tørkeperiodar, og kostnader med nytt anlegg vil vera så høge, at ein ikkje har noko alternativ til vatn frå Alver. Alver kommune har vore tydelege på at dei ikkje ville ha ein ny avtale om reservevassforsyning, då må ein gjera avtale også for vassforsyninga i seg sjølv. Vert dyrare vatn, men hadde vore mykje dyrare å gjera dette sjølv.

Lindås viste til endringa i avtalen, der ein i vedtaket legg inn at avtalen ikkje kan seiast opp einsidig.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er klargjort at den nye avtalen vil gje høgare prisar, men spurte om vassutbygging sør i Alver påverkar prisen eller det berre gjeld utbygginga nord i Alver. Her svara Rolf-Henning Myrmel at vassutbygging i tidlegare Meland og Radøy ikkje kjem inn i dette reknestykket, det er forsyninga frå inntaket og fram til høgdebassenget på Årås som skal gje grunnlaget for prisen. Jenner seg trygg på at det som er lagt inn er dei riktige tala.

Per Lerøy (Ap) sa at det er rett og rimeleg at ein betalar det som det kostar for vassforsyninga. Ser frå tidlegare at vasskjeldene i Austrheim ikkje er eigna for å levera drikkevatn, dette vart godt utgreidd før dagens avtale vart inngått.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om kva som er leveringskravet for reservevassforsyninga, om kapasitet skal vera like god. Her svara Rolf-Henning Myrmel at reservevassforsyninga skal vera ei fullgod forsyning. Myrmel la til at det er tre omgrep her: Vassforsyning, reservevassforsyning og naudvatn. Ser i Austrheim at ein ikkje kan bruka naudvassforsyninga frå Rasmusvatnet, for då må ein klora ned heile vassnettet etterpå, på grunn av ureining.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 024/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim sluttar seg til avtale om vass- og reservevassforsyning mellom Alver og Austrheim kommune datert 01.04.2022 med følgjande endring:

Punkt 7 i avtalen vert i heilskap endra til:

*«Partene kan ensidig kreve reforhandling av avtalen tidligst 20 år etter ikrafttredelsestidspunktet.*

*Avtalen kan ikke sies opp ensidig av partene.»*

Grunngjeving følgjer av saksutgreiinga.

---

#### **025/22: Framtida til kyrkjelydshuset**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune opphevar vedtak om å sal av kyrkjelydshuset. Soknet får tilhald i kyrkjelydshuset dei neste 5 åra og at det innan perioden vert endeleg avklara framtidig lokalitetar. Det vert utarbeidd ny tenesteytingsavtale.

## **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Administrasjonen ber om oppheving av tidlegare vedtak om sal, så vil ein jobba vidare med framtida for dette bygget.

Aslak André Bakke (H) sa at dette er tida for å ha eit større blikk på bygningsmassen ein har i kommunen. Er gjort ein del vedtak som ikkje heng heilt i saman, noko er vedteke selt men ikkje gjennomført, samstundes som ein leiger lokale andre stader, som i Mastrevik Torg. Bør ha eit meir overordna blikk på dette med bygningsmasse.

Her svara kommedirektør Fjellhaug at utsettinga av salet nettopp skal gje ei meir langsigting planlegging. Det er klart at nokre val må ein ta, ikkje midlar til å vedlikehalda, men tilstanden for Kyrkjelydshuset er ikkje så kritisk at ein ikkje har tid til å venta på ein meir heilskapleg plan. Ser på kommunehuset at Fensfjorden PPT har tatt ein del plass der.

Aslak André Bakke (H) sa vidare at det kan vera mogleg å utnytta bygga meir effektivt i samarbeid med lag og organisasjoner som har bygg med aktivitet.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at ein må sjå på betre utnytting av fleire kommunale bygg, som Seniorsenteret, Ungdommens hus, med fleire. Sjå på kva aktivitetar ein skal husa.

Habiliteten vart vurdert for Helge Dyrkolbotn og Anne Dahle Austrheim, som er høvesvis leiar og nestleiar i Austrheim sokneråd, som er brukarar kyrkjelydshuset. Kommunestyret var samrøystes om at dei var inhabile.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med 15 av 15 røysteføre stemmer.

---

### **KS - 025/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune opphevar vedtak om å sal av kyrkjelydshuset. Soknet får tilhald i kyrkjelydshuset dei neste 5 åra og at det innan perioden vert endeleg avklara framtidig lokalitetar. Det vert utarbeidd ny tenesteytingsavtale.

---

## **026/22: Oppmoding om busetjing av flyktningar 2022**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune kan busetje 25 flyktningar.

## **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kompensasjonsordninga på 50.000 kroner per flyktning er for 15 flyktningar som ein er bedt om å ta i mot, eller for 25. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (Imdi) har vore litt uklare på akkurat dette. Her sa ordførar Per

Lerøy (Ap) at 750.000 kroner for 15 flyktningar skal dekka kommunen sine generelle kostnader, uansett om det kjem så mange flyktningar eller færre.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 026/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

Austrheim kommune kan busetje 25 flyktningar.

---

**027/22: Justering av medlemmer til Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt**

Medlemmer for perioden 2022-2025	Vara for perioden 2022-2025
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (KrF)
Nils Ove Vassdal (H)	Harald Lundal (H)
Jan Nordø (BYA)	Siri Kaland (Ap)

Medlemmer for perioden 2019-2023	Vara valde for perioden 2019-2023
Reidar Ulvøy (Ap)	Adrian Stueland (Ap)
<i>Kandidat vert lagt fram i møtet (H)</i>	Aslak Andre Bakke (H)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)

Leiar for perioden 2022-25	Nestleiar for perioden 2019-2023
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Reidar Ulvøy – ikkje på val

**Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt**

Medlemmer for perioden 2022-2025	Vara for perioden 2022-2025
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (KrF)
Nils Ove Vassdal (H)	Harald Lundal (H)
Jan Nordø (BYA)	Siri Kaland (Ap)

Medlemmer for perioden 2019-2023	Vara valde for perioden 2019-2023
Reidar Ulvøy (Ap)	Adrian Stueland (Ap)
Aslak Andre Bakke (H)	Hege Ramsland (H)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)

Leiar for perioden 2022-25	Nestleiar for perioden 2019-2023
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Reidar Ulvøy

## **07.04.2022 KOMMUNESTYRET**

Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt foreslått av: Aslak André Bakke

### **Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt**

Medlemmer for perioden 2022-2025	Vara for perioden 2022-2025
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (KrF)
Nils Ove Vassdal (H)	Harald Lundal (H)
Jan Nordø (BYA)	Siri Kaland (Ap)

Medlemmer for perioden 2019-2023	Vara valde for perioden 2019-2023
Reidar Ulvøy (Ap)	Adrian Stueland (Ap)
Aslak Andre Bakke (H)	Hege Ramsland (H)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)

Leiar for perioden 2022-25	Nestleiar for perioden 2019-2023
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Reidar Ulvøy

Nestleiar i valnemnda, Aslak André Bakke (H), sa at han går inn som fast medlem i nemnda (opp fra vara) og Hege Ramsland går inn som ny vara.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for framlegget til vedtak.

### **KS - 027/22 - 07.04.2022 - Vedtak:**

### **Felles sakkunnig klagenemnd for eigedomsskatt**

Medlemmer for perioden 2022-2025	Vara for perioden 2022-2025
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (KrF)
Nils Ove Vassdal (H)	Harald Lundal (H)
Jan Nordø (BYA)	Siri Kaland (Ap)

Medlemmer for perioden 2019-2023	Vara valde for perioden 2019-2023
Reidar Ulvøy (Ap)	Adrian Stueland (Ap)
Aslak Andre Bakke (H)	Hege Ramsland (H)
Lise Renate Helle (Sp)	Per-Kristian Løvmo (Sp)

Leiar for perioden 2022-25	Nestleiar for perioden 2019-2023
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Reidar Ulvøy

---